


U-notat 4/98

Rekrutteringsbehov i psykologi: Status i 1995 - prognosar og endring til 2015

Ole-Johan Eikeland



NIFU Norsk institutt for studier
av forskning og utdanning

Innholdsliste

1. Formål med notatet

2. Status og utvikling av personalet i faget psykologi

2.1 Forskarpersonale og psykologar ved universiteta

2.1.1 Det psykologiske forskarpersonalet ved universiteta

2.2 Alder i det psykologiske forskarpersonalet ved universiteta

2.2.1 Pensjoneringsmønster

2.3 Rekrutteringsstillingar og psykologi ved universiteta

3. Statleg høgskulesektor og psykologi

4. Instituttsektoren og psykologi

5. Rekrutteringspotensialet i psykologi

6. Doktorgradsgjennomføring og kandidatar i psykologi

7. Mobilitet i psykologi

8. Framtidige behovsscanario i psykologi

Appendiks - Behovsanalysar

Litteratur

1 Formål med notatet

Notatet skal gjere opp status for forskarpersonalet i psykologi pr. 1995 ved universitet og vitskaplege høgskular, i statleg høgskulesektor og i instituttsektoren. Hovudinnhaldet i notatet har sin bakgrunn i ein rapport om forskarpersonalet og rekrutteringsbehov i samfunnsvitskap, tinga av området Kultur og samfunn i Noregs forskingsråd, skriven ved NIFU med basis i NIFUs forskarpersonalregisters oppdatering av 1995 (Eikeland, 1998). Fagområdet psykologi høyrer administrativt og økonomisk til området Medisin og helse i Forskringsrådet, men blir og har ofte blitt sett på som eitt av samfunnsfaga; det var naturleg i denne omgangen også å sjå på psykologi slik.

Forskarpersonell er her definert som personell med hovudoppgåve å skulle drive forskings- eller utviklingsarbeid ved universitet, vitskaplege høgskular, statlege høgskular eller i instituttsektoren. Personane har universitet- eller høgskuleutdanning og er registrerte i NIFUs forskarpersonalregister som professor, dosent, førsteamanuensis, amanuensis, stipendiat, vitskapleg assistent, post doc. eller generelt forskar. Forskarpersonalregisteret har elles opplysningar om personalets utdanningsbakgrunn og om kva som er instituttets eller avdelingas fag, definert ut frå eit "mest"-kriterium.

Der finnst tre måtar å studere og skaffe seg oversikt over forskarpersonalet i psykologi på: Den eine er å studere alle som er tilsette i forskarpersonalet ved lærestader og institutt, som er definerte under "mest"-kriteriet 'psykologi'. Då vil ein også få med forskarpersonale som ikkje er utdanna i psykologi, men som har eit psykologisk institutt eller fakultet som arbeidsstad. Den andre måten er å berre studere personar med psykologi som utdanningsbakgrunn uansett kvar dei måtte arbeide innanfor dei tre aktuelle sektorane. Den tredje måten er å ta utgangspunkt i berre dei som har utdanningsbakgrunn i psykologi og som arbeider innan eit institutt, avdeling eller ein lærestad som er "mest"-definert som psykologi.

I tidlegare behovsanalysar og i hovudrapporten som dette notatet byggjer på, har ein studert alt forskarpersonale uansett, så sant arbeidsstaden er "mest"-definert som det aktuelle faget, her psykologisk. Grunngevinga for dette er at sjølv om det finnst personar med andre utdanningar enn psykologi ved psykologiske fakultet

eller institutt, er det likevel eit uttrykk for det behovet og den satsninga som gjeld for det aktuelle faget. Fagpolitisk er det også dette nivået, altså avdelinga eller instituttet, som er av interesse både når det gjeld forskning og utdanning innfor det aktuelle faget.

Sidan det kan vere av interesse å vite kor mange som er utdanna psykologar, men som arbeider andre stader enn ved avdelingar som er "mest"-kriterium-definerte som psykologi må det presiserast at kategoriseringa av avdelingar og institutt er mest presis ved universiteta. Vitskaplege høgskular er her uaktuelle sidan ingen der er registrert som psykologar eller som ein del av det som er definert som det psykologiske forskarpersonalet. Når det gjeld instituttsektoren og statlege høgskular, er der eit større problem med å "mest"-klassifisere enn kva som er tilfelle for institutt og avdelingar som ligg ved universiteta. Her vil såleis ein langt større del av forskarpersonalet, vere i samlekategoriar med fellesfaglege (eventuelt uspesifiserte) institutt og avdelingar. I statleg høgskulesektor gjeld det alle.

2. Status og utvikling av personell i faget psykologi

I 1995 av det ved dei tre aktuelle sektorane 357 personar som 1) anten hadde arbeidet sitt i forskarstilling ved ei avdeling eller eit institutt som var "mest"-definert innan psykologi (der det då kan finnast både psykologar og andre utdanningar - nærare spesifisering av den siste gruppa kjem lenger nede), eller 2) som var utdanna psykolog og hadde arbeidet sitt i forskarpersonalet ein annan stad enn ved eit psykologisk institutt eller ei psykologisk avdeling, men innan dei tre sektorane. Av desse igjen var det 292 som tilhørde forskarpersonalet utanom rekrutteringsstillingar (40 av desse blir definerte ut av det som er forskarpersonalet ved universiteta - sjå tabell 1).

Tabell 1. Tal personar med og utan psykologisk utdanning, og tal personar med psykologisk utdanning, men som ikkje er ved psykologisk institutt eller avdeling etter stillingstype (Fp=forskarpersonalet, R=rekruttar) Absoluttal etter sektor. 1995.

	Universitet		Instituttsektor		Statlege høgskular		Totalt	
	Fp	R	Fp	R	Fp	R	Fp	R
Ikkje psykolog-utdanning, men ved psykologisk institutt	35	11	28	1	-	-	63	12
Psykologisk utdanning og ved psykologisk institutt	93	29	5	0	-	-	98	29
Psykologisk utdanning, men ikkje ved psykologisk institutt	40	17	49	7	42	0	131	24
Totalt	168*)	57	82	8	42	0	292	65

*) Berre 128 (35+93) er aktuelle i denne rapporten når det gjeld forskarpersonalet ved universiteta. Kjelde: NIFUs forskarpersonalregister.

Nitti av dei 357 personane var i instituttsektoren, 225 tilhørde universiteta og resten, 42 personar var i statleg høgskulesektor. Når vi skil ut personar som er i rekrutteringsstillingar, fordeler dei 292 personane seg i 1995 som vist i tabell 1.

2.1 Forskarpersonale og psykologar ved universiteta

Av dei 225 personane ved universiteta var det 57 personar som var utdanna psykologar, men som tilhørde forskarpersonalet ved avdeling eller institutt som *ikkje* var definert som psykologisk. Sytten av desse 57 var stipendiatar. Det som i denne rapporteringa blir definert som det psykologiske forskarpersonalet ved universiteta, at ein arbeider ved eit institutt eller avdeling som er definert som psykologisk, utgjorde totalt sett 168 personar; av desse var 40 i rekruttstillingar. Dei 128 som ikkje var rekruttar, skal vi sjå nærare på.

2.1.1 Det psykologiske forskarpersonalet ved universiteta

I 1985 var det 93 personar i forskarpersonalet ved institutt og avdelingar ved universiteta som var definerte som psykologiske. I 1995 hadde altså dette stige til 128. Dette gjev ein årleg vekst i løpet av desse ti åra på 3,8 prosent. Personar som arbeidde innan psykologi ved universiteta utgjorde 14 prosent av heile det samfunnsvitskaplege personalet i 1985, og tilsvarande 12 prosent av heile personalet i 1995.

Av dei 128 personane i 1995 var det 93 som var utdanna psykologar (det vil seie utdanna som cand psychol) . Med andre ord fanst det 35 personar som arbeidde ved psykologiske institutt eller avdelingar med utdanning som ikkje var spesifisert som cand psychol. Seksten av desse har vi ikkje spesifiert utdanning for i det heile, anna enn at den er samfunnsvitskapleg; ni er magisterutdanna, to er cand pead, tre er cand med, to er cand polit, ein er cand odont, ein er sivilingeniør og ein har uspesifisert naturfagutdanning.

Femti av personane i dei 128 stillingane var professorar; 55 var førsteamanunesar og 23 var amanuensar. Trettitre av dei 128 personane i forskarpersonalet i psykologi var kvinner, tilsvarande 26 prosent. Prosentdelen kvinner har såleis stige med fire prosentpoeng sidan 1985. Ein av seks professorar var kvinner i 1995; ein av tre førsteamanuensar var kvinner og ein av fire amanuensar var det.

Tabell 2 viser korleis desse personane fordeler seg på stillingar ved dei fire universiteta som her er aktuelle.

Tabell 2. Fordeling av det psykologiske forskarpersonalet etter stilling og universitet i 1995. Absoluttal. (Sjå elles appendiks tabell D for 1997-tal.)

	Professor	Førsteama.	Amanuensis	Rekrutt*)	Totalt
U i Bergen	18	19	10	18	65
U i Oslo	21	21	8	15	65
U i Tromsø	4	7	4	3	18
NTNU	7	8	1	4	20
Totalt	50	55	23	40	168

*) Ved U i Bergen er tre av desse vitenskapleg assistentar; ved U i Tromsø er ein av desse vitenskapleg assistent. Kjelde: NIFUs forskarpersonalregister

Av det psykologiske forskarpersonalet var det 56 prosent som hadde doktorgrad i 1995. Doktorgradsprosenten for kvinner og menn var den same.

Ettersom NIFUs forskarpersonalregister no snart er ferdig oppdatert med 1997-data, har vi kunne presentere aktuelle tal for denne oppdateringa, tilsvarande tabell 2 (sjå vedlegg for dette, tabell D). Vi brukar likevel 1995-data som basis i behovsutrekningane, slik det vart gjort i hovudrapporten.

2.2 Alder i det psykologiske forskarpersonalet ved universiteta

Gjennomsnittsalderen til det psykologiske forskarpersonalet ved universiteta, utan rekrutteringsstillingar, var i overkant av 52 år i 1995. (Standardavviket var 9,5 år.) Dette er ein del høgare enn for heile det samfunnsvitenskaplege forskarpersonalet, som hadde ein gjennomsnittsalder på 47 år.

Vi grupperer så personalet inn i aldersgrupper og ser på fordelinga slik: Sju prosent av dei 128 var 67 år eller eldre i 1995; 15 prosent var i gruppa 60 til 66; 39 prosent var i gruppa 50 til 59; 29 prosent 40 til 49 og 10 prosent yngre enn 40.

2.2.1 Pensjoneringsmønster

I NIFUs behovsanalyser har ein i ein del rapportar forutset aldersavgang først når forskarpersonalet har fylt 67 år, seinare har dette blitt tilpassa nye pensjonsordningar og ein har brukt 65 år som grense for å rekne ut pensjoneringseffekten. I dei siste behovsanalysane har ein igjen gått attende til 67 år som grense for å rekne ut aldersavgang. Dette skuldast at forskarpersonalet i dei sektorar det her er snakk om i svært liten grad har endra sitt pensjoneringsmønster, trass i at der no finst ordningar med at ein kan gå av tidlegare, til dømes både ved 65 og ved 62 år. Samstundes har styresmaktene opna for gunstige ordningar der ein kan halde fram i stillingane sine delvis og samstundes heve pensjon for den delen ein ikkje arbeider. Desse tinga vil kunne oppheve kvarandre. I behovsanalysane blir den estimerte framtidige avgangen frå aldersgruppa 67 til 70 år, rekna ut ved at ein foruset at av alle som til ei kvar tid tilhøyrrer denne aldersgruppa, og som pr. definisjon kan pensjonere seg, vil 25 prosent komme frå kvar av dei fire aktuelle gruppene. Dette har synt seg å vere rett når ein ser attende i tid, sjølv om der kan vere visse svingingar frå år til år.

2.3. Rekrutteringsstillingar og psykologi ved universiteta

I 1995 var det totalt 57 personar i rekrutteringsstillingar (53 var stipendiatar, fire vitenskapleg assistentar) ved institutt eller avdelingar definerte som psykologiske, eller blant personar som var utdanna psykologar, men ved andre institutt eller avdelingar. Desse siste utgjer 17 personar. Av personane i dei resterande 40 rekrutteringsstillingane var 29 utdanna psykolog. Elleve rekruttar ved psykologiske institutt eller avdelingar hadde altså anna utdanningsbakgrunn enn cand psychol.

3. Statleg høgskulesektor og psykologi

NIFUs forskarpersonalregister har pr 1995 ikkje registrert noko institutt eller avdeling i den statlege høgskulesektoren som psykologisk. For å kunne seie noko om psykologi og denne sektoren har vi derfor berre tatt utgangspunkt i dei som er utdanna som psykologar, og følgjeleg arbeider ved avdeling eller institutt som er kategorisert som noko anna enn berre psykologisk. Dette gjeld i alt 42 personar.

Ingen av dei 42 personane er i rekrutteringsstilling; 33 er amanuensis eller forskar, seks er i førstestilling og tre er professorar. Gjennomsnittsalderen til desse 42 var i 1995 49,5 år. To av dei var 67 år eller eldre i 1995; ingen var i gruppa 60 til 66, men 17 var i alderen 50 til 59; 22 personar i gruppa 40-49 og to personar under 40 år.

Problemet er at det truleg er fleire enn 42 psykologar ved statlege høgskular ettersom vi manglar utdanningsopplysning for ein god del av personalet, og blant dei vil ein også måtte vente å finne ein del psykologar. Ut frå kor stor del dei registrerte psykologane utgjer av personalet vi har utdanningsopplysningar om i samfunnsvitskap i statleg høgskulesektor, har vi estimert talet psykologar i den sektoren til totalt å vere 68 personar. Dette får ein del konsekvensar når vi skal estimere behovet for rekrutteringsstillingar i framtida. Framtida til den statlege høgskulesektoren er nemleg usikker; ikkje minst skuldast det at lærarutdanningane som pedagogiske institusjonar er inkluderte og utgjer ein stor del i det som er definert som det samfunnsvitskaplege forskarpersonalet. Det medfører at volumet i ordinære forskings- og utviklingsstillingar kan bli overestimert, ettersom lærarutdanninga har ein langt lågare del personar som driv med slikt arbeid enn kva som er tilfelle ved utdanningsinstitusjonar som har forskingsbasert undervisning. Dette får konsekvensar for kva som er basistalet når vi skal rekne ut rekrutteringsbehovet i framtida for denne sektoren. For å imøtekomme dette har vi i hovudrapporten om rekrutteringsbehov i samfunnsvitskapleg forskning halvert den basisen av forskarpersonalet som skal vere utgangspunktet for utrekningane. For psykologi gjeld det då at 68 blir halvert til 34 som eit utgangspunkt for behovsscenario.

4. Instituttsektoren og psykologi

Situasjonen for instituttsektoren og psykologi og registrering i NIFUs forskarpersonalregister er omtrent den same som for statleg høgskulesektor, men også meir kompleks sidan vi her finn nokre få institutt (og personar) som faktisk er registrerte som psykologiske, samstundes som vi ser at svært mange av dei som er utdanna psykologar i instituttsektoren arbeider ved institutt som er registrerte under fellesfag eller er uspesifisert.

Nitti personar er registrerte anten ved "mest"-definerte psykologiske institutt eller avdelingar, eller dei er utdanna psykologar og arbeider ved institutt eller avdelingar som er "mest"-definert i eit anna fag enn psykologi. Av desse 90 er åtte personar i rekrutteringsstilling. (Seks er stipendiatar; to er vitenskapleg assistentar. Ein av rekruttane er ikkje psykolog.) Av resten er 76 forskarar, ein post doc, ein i førestestilling og fire professorar.

Sekstiein av dei 90 er utdanna psykologutdanna (cand psychol), 29 er ikkje psykologutdanna, men arbeider ved institutt eller avdeling som er definert som psykologisk. Dei fleste som er utdanna cand psychol (56 personar inkludert sju rekruttar) arbeider ved institutt eller avdeling som ikkje er "mest"-definert som psykologi. Gjennomsnittsalderen her er 48,7 år.

Utdanningsbakgrunnen til dei 29 som ikkje er cand psychol, men som arbeider ved institutt som er definerte som psykologi, er slik: Elleve er magister, ein er siviløkonom, tre er cand polit, tre er cand sociol, ein er jurist, ein er cand scient, ein er cand med, to er sivilarkitekt og fire har ikkje høgare utdanning frå universiteta.

Sidan det knyter seg ein del problem til å talfeste mengda forskarpersonale i psykologi i instituttsektoren, har vi i behovsscenario, som kjem seinare, berre teke utgangspunkt i dei som faktisk er utdanna cand psychol uansett, altså 61 personar og brukt det som estimat for basis i scenario-utrekningane.

Når det gjeld instituttsektorens vekst sidan 1985, har personalet i psykologi i instituttsektoren auka med årlege 2,2 prosent.

5. Rekrutteringspotensialet i psykologi

I følgje NIFUs akademikarregister vart det frå 1985 til 1996 utdanna 126 cand psychol i Noreg. Frå 1985 til 1990 låg talet årleg på rundt hundre uteksaminerte kandidatar; etter det har talet stige, til over 180 pr år i 1995 og 1996. Totalt har det altså blitt utdanna 1.260 cand psychol i Noreg sidan 1985.

6. Doktorgradsgjennomføring og kandidatar i psykologi

Frå 1988 til og med 1997 er det kreert 34 doktorar med den nye doktorgraden dr psychol. I same perioden er det kreert 50 dr philos innan psykologifaget. Seks

personar har teke graden dr polit. med psykologiske emne i følge NIFUs doktorgradsregister. Totalt er det altså avlagt 90 doktorgradar innanfor psykologi frå 1988 til og med 1997.

Lærestadanes egne register over personar på doktorgradsstudium er mangelfull når det gjeld fagspesifikasjon innan fagområdet. Såleis har vi berre opplysning frå Universitetet i Bergen (der psykologi er eige fakultet) når det gjeld kor mange som er på doktorgradsprogrammet pr 1997. Det gjeld i alt 58 personar; ni av desse var nye på programmet i 1997. Av dei 58 ved Universitetet i Bergen var det 24 personar som planla å avleggje dr philos-grad; dei restarande 34 dr psychol-graden.

NIFU har ikkje gjort egne undersøkingar av gjennomføringsfart for personar på doktorgradsstudium i psykologi. Vi har heller ikkje sett at desse personane har avvike generelt frå det som elles gjeld doktorgradsutdanning i samfunnsvitenskap. I følge studiar utført av Tvede, Skodvin og Sarpebakken (1997), der dei har målt kor stor del som er ferdig med doktorgradsarbeidet etter eit visst tal år, med utgangspunkt i startåret for stipendperioden, er det åtte prosent som har gjennomført doktorgradsstudiet i samfunnsvitenskap inntil fire år etter at dei tok til; etter fem år etter er prosenten som er ferdig auka til godt det doble, 17 prosent. Gjennomføringsprosenten etter ti år er i snitt 50 i samfunnsvitenskap.

Gjennomsnittleg brukt bruttotid til å avleggje samfunnsvitenskapleg doktorgrad (uansett stipendtype) er pr. 1996 i underkant av fem år. Alderen på dei som avlegg doktorgrad i samfunnsvitenskap var i det aktuelle tidsrommet 36,3 år. Snittalderen for kvinner 37,8 år; for menn er han 35,8 år.

7. Mobilitet i psykologi

Mobilitetsratar i forskarpersonalet er rekna ut frå dei som er registrert i stillingar definert til å innhalde forskings- og utviklingsarbeid ved ein av dei tre sektorane vi her studerer på Forskarpersonalregisterets oppdateringstidspunkt. Den årlege mobilitetsraten *ut* er såleis prosentdelen som ikkje lenger er å finne i ei slik stilling innan dei tre sektorane to år etterpå, dividert på to. Målt slik er årleg mobilitetsrate for det psykologiske forskarpersonalet ved universiteta på 3,5 prosent frå 1985 til

1995; dette er litt mindre enn snittet for heile samfunnsvitskapen i same perioden. Den var på 4,5 prosent. I instituttsektoren er mobilitetsraten i psykologi 8,3 prosent i same perioden; dette er også mindre enn kva som var tilfelle for heile samfunnsvitskapen i instituttsektoren, den var på 9,9 prosent. Tendensen er at mobilitetsraten ut frå det psykologiske forskarpersonalet har ein stigande tendens ved universiteta. I instituttsektoren svingar han noko meir.

I behovsanalysane vel vi å rapportere dei same fagvise analyseresultata som stod i hovudrapporten. Der brukte vi dei same vekst og mobilitatesratane for alle faga.

8. Framtidige behovsscenario i psykologi

For å rekne ut framtidige behovsscenario i psykologi er det tre forhold som er grunnleggjande, kor stor mobiliteten ut frå den aktuelle sektoren er, alderen og pensjoneringsgraden i personalet, og for det tredje forutsett endring i personalet framover; skal det talmessig liggje stabilt, vekse eller reduserast, og med kva ratar? Vi presenterer fire scenario for den framtidige mengda i det psykologiske forskarpersonalet i dei tre sektorane som her er aktuelle.

Vi ser då at med 36 stipendiatar er det knapt mogeleg å dekkje behovet for rekrutteringsstillingar sjølv med nullvekst ved universiteta. Dette talet er heller ikkje nok til å kunne dekkje det numeriske behovet med ein årleg reduksjon på ein halv prosent (vedlegg tabell A). Eit moderat vekstalternativ på to prosent krev mellom 50 og 80 rekrutteringsstillingar fram til 2015.

Som vi har sett tidlegare hadde instituttsektoren berre åtte rekrutteringsstillingar som kunne definerast inn under psykologi. Men eit utgangspunkt på 61 personar i 1995 i det psykologiske forskarpersonalet har ein ikkje tilstrekkeleg med stillingar til å dekkje noko av endringsalternativa (vedlegg tabell B). Eit moderat vekstalternativ på to prosent krev frå 14 til 20 rekrutteringstillingar i instituttsektoren fram til 2015. Ein bør også vurdere desse tala i lys av at der kan vere ein del personar i skjulte rekrutteringstillingar i instituttsektoren. Dette kan skje ved at rekruttar "skjuler" seg bak titlar som forskar til dømes.

I statleg høgskulesektor har vi altså halvert basisen for behovsutrekningane til 34 personar for å hindre ei overestimering av behovet. Vi registrerte ingen personar i rekrutteringsstillingar i statleg høgskulesektor i 1995. Her ligg det også truleg ein del skjult rekruttering ved at delar av det forskarpersonalet held på med doktorgradsarbeid (Remme, Fjeldstad, Sarpebakken og Skodvin, 1997). I analysen ser ein at behovet for rekrutteringsstillingar i psykologi i statleg høgskulesektor vil vere frå fem til ni personar årleg med ein moderat vekstrate på to prosent i året (vedlegg tabell C).

Vedlegg

Tabell A. Behovsanalysar universiteta

Behov for rekrutteringsstillingar i **psykologi** med fire endringsalternativ

Endring:	0 %	2 %	5 %	-0,50 %
År				
1996	33	50	75	29
1997	35	52	77	30
1998	36	54	80	32
1999	39	57	84	35
2000	41	59	87	36
2001	42	61	90	37
2002	42	62	91	37
2003	44	64	94	39
2004	45	66	96	40
2005	48	69	101	43
2006	51	73	105	46
2007	53	75	107	47
2008	57	80	113	52
2009	59	82	116	53
2010	60	84	119	54
2011	60	84	120	54
2012	56	80	116	50
2013	54	79	116	48
2014	51	76	113	45
2015	48	73	111	42

Tilsette 95
128

Stipend 95
36

Vitass 95
4

Tabell B. Behovsanalyser for instituttsektoren

Behov for rekrutteringsstillinger i **psykologi** med fire endringsalternativ

Endring:	0 %	2 %	5 %	-0,50 %
År				
1996	11	14	18	10
1997	11	14	18	10
1998	11	14	19	10
1999	11	14	19	10
2000	11	15	20	10
2001	11	15	21	10
2002	11	15	21	10
2003	11	16	22	10
2004	11	16	23	10
2005	11	16	23	10
2006	12	17	24	11
2007	12	17	25	11
2008	12	18	26	11
2009	13	19	27	12
2010	14	19	28	12
2011	14	20	29	13
2012	14	20	30	12
2013	14	20	30	12
2014	14	20	30	12
2015	13	19	29	11

Tilsette 95

61

Tabell C. Behovsanalyser for statleg høgskulesektor

Behov for rekrutteringsstillingar i **psykologi** med fire endringsalternativ

Endring:	0 %	2 %	5 %	-0,50 %
År				
1996	3	5	7	3
1997	3	5	7	3
1998	4	5	7	3
1999	4	5	7	3
2000	4	5	8	3
2001	4	5	8	3
2002	4	5	8	3
2003	4	5	8	3
2004	4	5	8	3
2005	4	6	9	4
2006	4	6	9	4
2007	5	7	9	4
2008	5	7	10	4
2009	5	7	10	4
2010	5	7	10	4
2011	5	7	10	4
2012	5	8	11	5
2013	6	8	11	5
2014	5	8	11	5
2015	6	9	12	6

Justert basis 1995

34

Tabell D. Fordeling av det psykologiske forskarpersonalet etter stilling og universitet i 1997. Absoluttal.

	Professor	Førsteama.	Amanuensis	Rekrutt*)	Totalt
U i Bergen	15	21	14	19	70
U i Oslo	24	19	5	16	64
U i Tromsø	7	9	3	7	26
NTNU	8	14	2	6	30
Totalt	54	63	24	48	190

*) Ved U i Bergen er tre av disse vitenskapelig assistentar; ved U i Tromsø er ein vitenskapelig assistent. Kjelde: NIFUs forskarpersonalregister

Litteratur

Eikeland, O-J, 1998: Rekrutteringsbehov i samfunnsvitskapleg forskning: Status frå 1985 til 1995 - prognosar og endring til 2015. (Upublisert NIFU-rapport.), Oslo

Remme, J-A. K. Fjeldstad, B. Sarpebakken og O-J. Skodvin, 1997: Forsking og andre faglege aktivitetar i statleg høgskulesektor i 1995. NIFU skriftserie, 23/97, Oslo.

Tvede, O., B. Sarpebakken og O-J. Skodvin, 1997: Stipendiater og doktorgradsgjennomføring i en overgangstid. NIFU-rapport nr. 15, Oslo.